



Postmottak KDD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/290 - 22/2529

Saksbehandlar:

Magne Verpelstad

magne.verpelstad@modalen.kommune.no

Dato:

01.12.2022

## Saksreferanse 22/6555 Trekk i rammetilskuddet for konsesjonskraft - frivillig rapportering

Modalen kommune sender vedlagt rapporteringsskjema knytt til konsesjonskraft samt uttale frå Vestlandsrevisjon IKS.

Me vil kort nemne følgjande tilhøve:

### Konsesjonskraftmengde

Modalen kommune si konsesjonskraftmengde er om lag 9,6 GWh. Ikkje 16 085 MWh som utfylt i vedlegget frå KDD. Dette har me teke inn i rapporteringsskjemaet.

### Inntekt/Juridisk bindande avtale

Modalen kommune har inngått bindande avtale med Modalen kraftlag, org.nr 877 051 412, om disponering av Modalen kommune si konsesjonskraft. Det meste av konsesjonskrafta disponerast vederlagsfritt av Modalen kraftlag utan motyting til Modalen kommune. Noko av konsesjonskrafta (om lag 1,5 GWh) utgjer sal av kraft til næringslivskundar i Modalen kommune. Denne delen av konsesjonskrafta vert selt til ein pris fastsett av kraftlaget til 60 øre/kWh, der overskotet, etter frådrag av konsesjonskraftprisen, delast likt mellom kommunen og kraftlaget. Stipulert inntekt for Modalen kommune av dette salet og dermed stipulert inntekt for Modalen kommune frå konsesjonskraft i 2023 er kr 360 000.

Med helsing

Magne Verpelstad

Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Utfylt skjema til KDD ang rapportering knytt til trekk i rammetilskot for konsesjonskraft - korrigert 30.11.22  
Vestlandsrevisjon IKS - Revisjonsuttale frivillig rapportering Modalen kommune

**Mottakere:**  
Postmottak KDD